

Saksvedlegg til omframnt årsmøte måndag 28 .september kl.1930 på Ullsheim

Bakgrunnsdokument

A. Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020.
For tildeling i 2021.

B. Kommunedelplan for kultur og idrett 2021 – 2024.

Innleiing.

Frå bakgrunnsdokumenta har ein lagt til grunn
avsnitt 2.6 «anlegg det kan søkes om tilskudd til, maksimale
tilskuddsbeløp og krav til anleggets størrelse, utforming og funksjon».

Styrande for dette prosjektet er
pkt. 2.6.12 Friluftslivsanlegg; avsnitt «Turveier, turstier og
tur/ skiløyper»

Rehabiliteringsprosjektet er tenkt delt i to like store prosjekt.
Del I er tenkt iverksett straks og ferdigstilt snarast, knytt til
løype gul(3 km) og raud (2km).
Del 2. er tenkt iverksett tilleggast sommaren 2021 og er knytt
til løype brun (4km) og svart (2.5km)

Dette vil gje eit anleggsområde på til saman 8.5 km som
igjen vil gje eit spelemiddelgrunnlag på 4.25 mill.

Det er løypelengda som løyser ut spelemidlar. Ein løypekilometer (minimumslengde) opnar for eit tilskott på kr. 500.000.- deretter kr. 250.000.- pr.0,5 km. Maksimumstilskott er 5.mill.

Det kan gjevast tilskott på inntil 50% av godkjent kostnad for anlegga som er oppført i tabellen side 25 og 26 i dokumentet «Bestemmelser om tilskudd..».

Løyper som mottek spelemidlar skal registrerast i Kartverkets database.

Rehabilitering av eksisterande løypenett-Ullsheim.

Løypenettet på Ullsheim er tilgjengeleg for alle og tilbyr heilårsbruk.

Store deler av løypenettet er bygd før 1996 og treng no ei opprusting i tråd med vedlegg 5 i « Bestemmelser om..» Rehabiliteringa omfattar 8500 m av løypenettet og arbeidet medfører gjennomgang av denne lengda – meter for meter.

Arbeidsmengda vil vere varierende, alt etter terreng – frå raskt, enkelt og lett arbeid til krevjande og kostbart maskinarbeid.

Deler av løypetrasèane ligg i myrlendt og vått område, noko som har vorte meir krevjande, slik vestlandsklimaet har utvikla seg.

Ved rehabilitering slik vil ein oppnå sterkare og tørrare løyper, noko som er ein fordel både for bruk på barmark og snø.

I snøperiodar vil den påtenkte rehabiliteringa vere til stor forbetring. Tørrare løyper vil gje høve til å starte preparering og

løypelegging frå første snøfall. Skisesongen kan då forlengast både haust og vår med tidlegare start og seinare slutt.

TOTAL-KOSTNAD – grunnlag for spelemidler.

Kjøp og arbeid inkl. mva.	2 460 000,00
Dugnad	1 890 000,00
Renter, byggelån 1 år	195 625,00
Adm.kostnader 5%	133 425,00
SUM KOSTNAD ANLEGG DEL 1	4 679 050,00

Finansieringsplan

Utgangspunkt: Heile rehabiliteringsprosjektet omfattar totalt 8,500 km. Dette løyser ut ein maks sum for spelemidler på 4.25 mill.

Del I av rehabiliteringsprosjektet omfattar 4500 løypemeter løyser ut maksimal sum spelemidler kr. 2.250.000.-
Prosjektet er kostnadsrekna til kr. 4.679 050,00.

Finansieringsplan:

Spelemidler maks sum	kr.2.250.000,00
Dugnad	kr. 1.890.000,00
<u>Eigenfinansiering</u>	kr. 565. 625,00
SUM	kr. 4.679.050,00

